



**Verneområdestyret for
Brattefjell-Vindeggen
landskapsvernområde**

Besøksadresse
Skinnarbu
3661 Rjukan

Postadresse
Postboks 2076
3103 Tønsberg

Kontakt
Sentralbord +47 33 37 10 00
Direkte +47 953 00 640
fmrtpost@fylkesmannen.no

Verneområdestyret for Brattefjell-
Vindeggen landskapsvernområde

Sakshandsamar Kristian Kvaalen Herregården

Vår ref. 2024/154 - 432.2

Dato 06.06.2024

Innkalling til styremøte 14.06.24

Det vert med dette kalla inn til møte i verneområdestyret.

Tid: Fredag 14.06.24 kl. 09:00
Stad: Skinnarbu

Gje beskjed snarast på 957 93 735 eller krkhe@statsforvalteren.no om du ikkje kan møte.

Saksliste:

- | | |
|-----------|---|
| Sak 19/24 | Godkjenning av innkalling og dagsorden |
| Sak 20/24 | Saksframlegg:
Søknad om kloppegging ved Sandset i Seljord kommune - Sudbøvegen
hytteforening |
| Sak 21/24 | Saksframlegg:
Søknad om riving av eksisterande og oppføring av ny hytte på gnr. 83 bnr. 7 i
Vindsjådalen i Hjartdal kommune – Anders Bakken |
| Sak 22/24 | Referatsaker |
| Sak 23/24 | Eventuelt |
| Sak 24/24 | Neste møte |



Sak 20/24

Søknad om kloppegging ved Sandset i Seljord kommune - Sudbøvegen hytteforening

Kort om saka

Tom Verner Karlsen søker på vegne av Sudbøvegen hytteforening om løyve til å legge nokre klopper aust for Sandsetvatn, i storleiksorden 10 – 20 klopper på 2,5 meter i retning Grotbu (forlenging av der foreininga stoppa kloppegginga i 2019).

Stigen gjeng over blaute myrområde og er mykje bruka. Dei blaute partia fører til at folk ferdast i stadig vidare bogar med tilhøyrande slitasje på terrenget. Ved å kloppegge får ein samla og kanalisert trafikken samt redusert terrengslitasje. Det skal nyttast malmfuru som materiale. Arbeidet skal utførast på foreininga si årlege dugnad i starten av september. Det er innhenta tillating frå grunneigar.

Verneområdestyret fekk god informasjon og bilete av kloppegginga foreininga utførte i 2017 og 2019. Kloppegginga vart utført på godt vis med bruk av gode miljøvenlege materialar (malmfuru). Resultat av kloppegging syner òg redusera terrengslitasje.

Vedlegg

- Søknad dagsett 15.05.2024 (2024/5787 – 1).

Andre relevante dokument, ikkje vedlagde

- Verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.
- Naturmangfaldlova (NML).
- Forvaltingsplan for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde 2017-2027.

Det formelle grunnlaget - verneforskrifta og naturmangfaldlova

Verneføremålet i Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde er å:

- *"Taka vare på eit vakkert og eigenarta naturlandskap, med urørt høgfjell og fjellskogområde.*
- *Taka vare på det biologiske mangfaldet i området, med villreinstamme og rikt plante- og dyreliv.*
- *Taka vare på verdifulle kulturlandskap og kulturminne."*

Verneområdestyret må særleg vurdere konsekvensane av ein dispensasjon i høve til verneføremålet og verneverdiane i området. Dette går fram av § 7 i naturmangfaldlova (NML), som seier at prinsippa i §§ 8-12 i lova skal leggjast til grunn som retningsliner ved utøving av offentlig myndighet.

I NML § 8 går det fram at offentlege avgjerder som rører ved naturmangfaldet skal byggje på vitskapeleg kunnskap om bestandssituasjonen for ulike arter, utbreiing og økologisk tilstand av naturtypar, og effekten av påverknader. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i eit rimeleg forhold til sakas karakter og risikoen for å skade naturmangfaldet.



Verknadene av eit tiltak skal vurderast ut frå den samla belastinga økosystemet vert utsett for, jf. § 10. Dersom det ikkje ligg føre tilstrekkeleg kunnskap om kva for verknader eit tiltak kan ha på naturmiljøet, skal føre-var prinsippet leggjast til grunn, jf. § 9, slik at ein ikkje gjer vesentleg skade på naturmangfaldet ved at ein tek ei avgjerd på eit for dårleg kunnskapsgrunnlag.

I følgje naturmangfaldlova § 11 er det tiltakshavar som skal dekkje kostnadene ved å hindre eller avgrense skade som tiltaket vil gjera på naturmangfaldet, dersom dette ikkje er urimeleg ut frå tiltaket og skaden sin karakter. I tillegg skal det etter naturmangfaldlova § 12 takast utgangspunkt i driftsmetodar, teknikkar og lokalisering av tiltaket som ut frå ei samla vurdering av den tidlegare, noverande og framtidige bruken av mangfaldet og økonomiske tilhøve gjev det samfunnsmessige beste resultatet.

Vurdering

Området det dreier seg om i denne saka ligger i vernesona. Relevant forvaltingsmål for denne saka er at:

- Vernesona skal oppretthaldast som eit verdifullt naturområde rikt på biologisk mangfald.
- Ein skal vere særleg restriktiv i høve til å dispensere for nye tiltak/anlegg.
- Vernesona skal bevarast utan ny tilrettelegging for skigåing og fotturisme.

Kunnskapsgrunnlaget for saka er basert på Naturbasen, forvaltningsplan, Norsk rødliste for naturtyper, Botaniske registreringar i Brattefjell-Vindeggen, samt registreringar av stølsanlegg og skjøtselsplan for stølsområde. I tillegg kjem all kunnskap om villreinen i området.

Staden der ein vil bygge klopper ligger inne i villreinens leveområde, og delvis i og tett på kalvingsområdet. Området er dominert av myr og fjellbjørkeskog. Området er noko kulturpåverka då det er sau der. Vidare er området prega av friluftsliv, med tydelege stigar.

Det er ikkje registrert raudlista naturtypar og det er heller ikkje kjende kulturminne som blir påverka av tiltaket.

Plassane der det søkast om å bygge klopper, er der stigane gjeng over blaut myr/blaute parti. Mot Grotbu i Grotvassdalen er det snakk om å legge ut fleire klopper i forlenging av der arbeidet blei avslutta i 2019. Dersom det byggjast klopper vil ein forhindre at folk gjeng utanom stigane og difor redusere terrengslitasje. Det er ikkje snakk om ny tilrettelegging for fotturisme, men å leggja eksisterande betre til rette for folk, samstundes som det vil vere positivt for plantar og terreng spesielt og verneføremåla generelt.

Verneforskrifta seier i utgangspunktet ikkje noko om oppgradering av eksisterande stigar. Kapitel IV punkt 3.4 seier at forvaltningsmyndigheita kan på nærare vilkår gje løyve til opparbeiding og merking av nye turstiar og løyper. I denne saka dreier det seg om utbetring av eksisterande stiar, men forvaltaren meiner likevel pkt. 3.4 er dekkande og skal brukas i saka.

Når det gjeld plassering og montering, oppfattar forvaltaren at hytteforeininga byggjer kloppene på egna stad utanfor verneområdet, og transporterar dei inn med snøskuter og slede på vinterføre. Det er tilbod om leigekøyring i området.



Framlegg til vedtak:

Verneområdestyret gjev etter verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde kap. IV pkt. 3.4, Sudbøvegen hytteforening løyve til å leggje klopper over blaute områder på eksisterande sti aust for Sandsetvatn i retning Grotvassdalen og Grotbu (forlenging av der foreininga stoppa klopplegginga i 2019).

Det settast følgjande vilkår:

- Kloppene skal maksimalt vere 0,8 meter breie.
- Det skal nyttast miljøvenleg materiale.
- Rester frå bygginga (om det skulle bli noko) skal fraktast ut av område.
- Innan tre veker etter at bygginga er ferdig, skal verneområdestyret få bilete av kloppene.
- Det må søkjast særskilt dersom det blir naudsynt med motorisera transport av bygningsmateriale/klopper.
- Det er ein føresetnad at grunneigar(ar) har gjeve løyve til bygginga.

Det kan klagast på avgjerda til Miljødirektoratet. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til direktoratet, men sendast til Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.

Vedtaket vert sendt til Sudbøvegen hytteforening v/ Tom Verner Karlsen.

Kopi:

- Seljord kommune
- Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark
- Villreinnemnda for Brattefjell-Vindeggen, Blefjell og Norefjell-Reinsjøfjell

Kopi av vedtaket vil òg bli lasta opp i Miljøvedtaksregisteret.



Sak 21/24

Søknad om riving av eksisterande og oppføring av ny hytte på gnr. 83 bnr. 7 i Vindsjådalen i Hjartdal kommune – Anders Bakken

Kort om saka

Anders Bakken søker om dispensasjon frå verneforskrifta for å rive eksisterande og oppføring av ny hytte på gnr. 83 bnr. 7 i Vindsjådalen i Hjartdal kommune. Grunngeving for søknaden er at eksisterande hytte har eit sterkt behov for oppgradering samt ei betre planløyving, og det er difor ønskeleg å rive heile hytta for å setje opp ei ny, nokså lik hytte på same stad.

Verneområdestyret handsama søknad om byggetiltak i styremøte 11.01.24 (ref. 2023/9298-432.2). Den gong vart det søkt om dispensasjon frå makskravet i forvaltingsplanen om BYA på 65 m², for å bygge hytte på BYA 69,7 m². Verneområdestyret ga avslag på søknaden, med følgande grunngeving: «Grunngeving for avslag er at ny hytte vil vere større enn det som er tillate i høve til forvaltingsplan for verneområdet. Avslaget er gjeve med heimel i verneforskrifta punkt. 3.2.»

Søklar har no sendt inn ny og justert søknad til verneområdestyret. Eksisterande hytte som skal rivast er på ca. 64 m² BYA. Ny hytte vil vere 65 m² BYA. I tillegg er det ein bod på 15 m² BYA. Totalt BYA på eigedomen vil då bli 80 m² BYA. Søklar har lagt ved nye teikningar i ny søknad.

Vedlegg

- Søknad motteke 01.06.24 (2023/9298-3).

Andre relevante dokument, ikkje vedlagde

- Verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.
- Naturmangfaldlova (NML).
- Forvaltingsplan for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde 2017-2027.

Det formelle grunnlaget - verneforskrifta og naturmangfaldlova

Verneføremålet i Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde er å:

- "Taka vare på eit vakkert og eigenarta naturlandskap, med urørt høgfjell og fjellskogområde.
- Taka vare på det biologiske mangfaldet i området, med villreinstamme og rikt plante- og dyreliv.
- Taka vare på verdifulle kulturlandskap og kulturminne."

I verneforskrifta for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde er oppføring av bygningar og anlegg i utgangspunktet forbode, jf. kap. IV, punkt.1.1. Punkt. 2.2 i same kapittel, seier at "Reglane i punkt 1 skal ikkje vere til hinder for drift og vedlikehald av eksisterande bygningar, (...)." Etter kap. IV, punkt. 3.2 kan forvaltingsstyresmakta, "Når verksemda eller tiltaket kan skje utan at det strir mot føremålet med vernet", gje løyve til "mindre tilbygg eller ombygging av eksisterande bygningar i området."

Verneområdestyret må særleg vurdere konsekvensane av ein dispensasjon i høve til verneføremålet



og verneverdiane i området. Dette går og fram av NML § 7, som seier at prinsippa i §§ 8-12 skal leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg myndigheit.

I NML § 8 går det fram at offentlege avgjerder som rører ved naturmangfaldet skal byggje på vitenskapelig kunnskap om bestandssituasjonen for ulike arter, utbreiing og økologisk tilstand av naturtypar, og effekten av påverknader. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i eit rimeleg forhold til sakas karakter og risikoen for å skade naturmangfaldet.

Verknadene av eit tiltak skal vurderast ut frå den samla belastinga økosystemet vert utsett for, jf. NML § 10. Dersom det ikkje ligg føre tilstrekkeleg kunnskap om kva for verknader eit tiltak kan ha på naturmiljøet, skal føre-var prinsippet leggjast til grunn, jf. § 9, slik at ein ikkje gjer vesentleg skade på naturmangfaldet ved at ein tek ei avgjerd på eit for dårleg kunnskapsgrunnlag.

I følgje naturmangfaldlova § 11 er det tiltakshavar som skal dekkje kostnadene ved å hindre eller avgrense skade som tiltaket vil gjera på naturmangfaldet, dersom dette ikkje er urimeleg ut frå tiltaket og skaden sin karakter. I tillegg skal det etter naturmangfaldlova § 12 takast utgangspunkt i driftsmetodar, teknikkar og lokalisering av tiltaket som ut frå ei samla vurdering av den tidlegare, noverande og framtidige bruken av mangfaldet og økonomiske tilhøve gjev det samfunnsmessige beste resultatet.

Vurdering

Hytta ligg i vernesona. Forvaltningsplanen seier ikkje noko direkte om bygningar kva gjeld forvaltningsmål for vernesona. Det er difor planens generelle bestemmingar som er førande i denne saka.

Ein må vera trygg på at dei verneverdiane som er synleggjort i verneføremålet ikkje vert skadelidande om det vert gjeve løyve til tiltaket

Å gje dispensasjon blir ein vurdering i det einskilde døme. Forvaltningsplanen seier at når tiltaket kan skje utan at det strir mot føremålet med vernet, så kan forvaltningsmyndigheita på nærare vilkår gje løyve til mindre tilbygg eller ombygging av eksisterande bygningar dersom bruken ikkje vert endra. I høve til forvaltningsplan er maksimal storleik på hytte BYA 65 m², mens maksimal storleik på uthus er BYA 15 m² – altså kan ikkje samla areal på staden overstige BYA 80 m².

I denne saka søkjast det om dispensasjon frå verneforskrifta for å rive eksisterande og oppføring av ny hytte på gnr. 83 bnr. 7 i Vindsjødalen i Hjordal kommune. Grunngeving for søknaden er at eksisterande hytte har eit sterkt behov for oppgradering og betre planløysing, og det er difor ønskeleg å rive heile hytta for å setje opp ei ny, nokså lik hytte på same stad. Søkjar ynskjer også å dispensere frå krav om torvtak og heller nytte sort papptekking, noko som er høvesvis diskre for omgjevnadane, som beskriven i forvaltningsplan. Hytta skal ha mørke fargar på tak og vegg, og skal stå på eksakt same plass som eksisterande hytte.

Eksisterande hytte som skal rivast er på ca. 64 m² BYA. Ny hytte vil vere 65 m² BYA. I tillegg er det ein bod på 15 m² BYA. Totalt BYA på eigedommen vil då bli 80 m² BYA. Dette er akkurat det som er tillate som maksgrænse for BYA i forvaltningsplanens retningslinjer.

Vurdering i høve til kap. IV, pkt. 3.2 i verneforskrifta:

Riving og oppsetting av nytt bygg på same stad med same areal kan i utgangspunktet kome inn under summen av omgrepa "mindre tilbygg" og "ombygging".



Teikningane til søknaden syner eit bygg med nokså tradisjonelt preg som vil passe godt inn på eksisterande plassering og i høve til omgjevningane og landskapet. Søkjar ynskjer å nytte sort papptekking i staden for torvtak. Forvaltingsmynde har i fleire høve praktisert at andre materialar som til dømes bølgeblekk, papp og liknande er å rekne som ein del av lokal byggeskikk i området, så lenge det er nøytrale fargar og overflater som ikkje bryt opp i landskapet. Teikningane syner ei hytte med noko meir moderne preg med tanke på vindauge, men forvaltaren meiner at fasaden på hytta framleis vil ha eit tradisjonelt preg som vil sjå greitt ut i landskapet. Verneområdestyret har tidlegare gjeve løyve til liknande byggetiltak med noko meir moderne preg og vindauge. Utsjånadmessig ser det greitt ut på teikningane og det vil truleg ikkje føre til auka ferdsle eller påverke landskapet i nokon negativ grad.

Forvaltningsplanens maksimale storleik for hytter/uthus på BYA 80 m² må oppfattast som ein absolutt grense. Det har ikkje vore praksis for at forvaltingsmynde har gjeve dispensasjon utover dei maksimale arealkrava i forvaltningsplan, og det vil kunne føre til ein uheldig presedensverknad om ein opnar for slike dispensasjonar. I dette høvet vil tiltaket helde seg innanfor dette arealkravet.

Riving av eksisterande hytte og oppføring av nytt vil ikkje føre til relevant auke i bruken, men det kan tenkjast noko auke i trafikk i samband med materialtransport og bygging. Skulle det vere villrein på staden på denne tid, så bør transport og/eller bygging stanse opp.

Hytta ligg nordre delen av verneområdet og i definert villreinområde, men ikkje innanfor definert vinterbeite eller kalvingsområde. Området er likevel å rekne som eit viktig habitat, då villreinen ofte nyttar dei nordlege områda i verneområdet haust og vinterstid.

Det er ingen kjende natur- eller kulturverdiar som blir påverka av tiltaket, og forvaltaren kan heller ikkje sjå at verneverdiane for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde blir negativt påverka. Ein vil sjølvstøtt få litt meir støy på staden i samband med sjølve arbeidet, men dette vil skje i eit avgrensa tidsrom og dermed vere forbigåande.

Alle avgjerder av ein forvaltingsmyndigheit vil skape presedens. Så også denne saka. Slik forvaltaren ser det, kan eit delvis positivt vedtak med klare vilkår forsvarast også ut frå moglege presedensverknader.

Framlegg til vedtak:

Verneområdestyret gjev Anders Bakken løyve til å rive eksisterande hytte og oppføring av ny hytte på inntil 65 m² og uthus på 15 m² BYA i Vindsjådalen, gnr. 83 bnr. 7 i Hjartdal kommune, som beskriven i søknad dagsett 01.06.24. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta punkt 3.2 på vilkår.

Det vert sett følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld tre år frå vedtaksdato. Om arbeidet ikkje er starta opp då, fell løyvet bort.
- Arbeidet skal dokumenterast ved at minst tre gode fotografi, som syner det nye bygget frå ulike vinklar, sendast verneområdestyret seinast to månader etter at tiltaket er avslutta.
- Sjøppel og avfall frå riving og byggearbeid skal sorterast og fraktast bort når arbeidet er ferdig.
- Det skal takast omsyn til naturverdiar i området under bygging og materialtransport. Ein skal vere spesielt merksam på villrein og sikre at den ikkje blir uroa som følge av aktiviteten.

Det kan klagast på vedtaket til Miljødirektoratet. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernområde.



**Verneområdestyret for
Brattefjell-Vindeggen
landskapsvernområde**

Vedtaket vert sendt Anders Bakken.

Kopi:

- Hjartdal kommune
- Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark
- Villreinnemnda for Brattefjell-Vindeggen, Blefjell og Norefjell-Reinsjøfjell

Kopi av vedtaket vil og bli lasta opp i Miljøvedtaksregisteret.